

Nr 3-2023, årgang 59

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

HAUSTBLADET



Sommarstemning på Tjørull

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Ein septemberdag, medan gulnande lier så smått tek til å spegle seg i Nisser, har Kyrkjelydsbladet ei lita samtale med John Olav Klodvik. John Olav fortel at han har budd i Nissedal kommune i 22 år. Som nyutdanna sosionom frå Høgskulen i Kristiansand kom han hit til arbeid i Tenesta for funksjonshemma. Etter kvart fekk han seg hus på Vik i Treungen der han kvar dag kan nyte utsynet mot Nisser eller rusle ut for å treffe hyggelege folk i grenda.

– Og her i bygda har du funne deg godt til rettes på fleire område?

– Ja, eg syntest ganske snart at eg hadde kome til ei triveleg bygd, og i Nissedal kommune har eg fått interessante arbeidsoppgåver saman med mange gilde brukarar og kollegaer. Eg har òg vore så heldig at eg til tider har kunna variere litt på arbeidet. Ein periode var eg på NAV-kontoret, og eg hadde også ei tid der eg arbeidde i Åmli kommune. På fritida har eg fått gode venner, og eg set pris på å kunne kome ut på turar i skiftande årstider.

– Du trødde vel barneskorne dine i Gjerstad?

– Ja, eg fekk vekse opp i eit trygt og godt bygdemiljø, der eg framleis har foreldra mine, familie og venner som eg held god kontakt med. Frå unge år var eg med på gudstenester og samvær, og eit godt ungdomsmiljø på bedehuset. Då var me òg ein gjeng som stadig drog heim til kvarandre der me hadde gilde innslag både med skøy og alvor. På Høgskulen var eg med i det kristne studentlaget, og i militærtenesta var eg med i Soldatlaget, gode og trygge miljø der eg opplevde at trua fekk vekse naturleg i trygg tillit. På lagskveldane var det ikkje så sjeldan at me song Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang, ein song som har tona med i livet seinare og som fortel så fint at me alltid har ein stad å gå til både i sorg og glede.

TV

Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang, nr. 383 i Norsk Salmebok

1. Jeg vil gi deg, o Herre, min lovsang,
jeg vil takke deg med mine ord for din
nåde som er uten grenser,
og for godhet og kjærlighet stor.

2. Ingen annen er verdig den sangen.
Bare du Herre eier min sang,
og i himlen skal lovsangen lyde
til din ære en evighet lang

Refr.:

Jeg vil gjøre mitt liv
til en lovsang for deg,
la hver tone en hyllest
til deg være,
og i dager med glede
og dager med sorg
vil jeg leve hver dag
til din ære!

Refr.:

3. Og om sangen iblant skulle stilne
og forstyrres av uro og strid-
Herre, åpne på ny mine øyne
så jeg ser at hos deg er min fred.

Refr.:

Tekst og melodi: Christer Hultgren, 1978
Norsk tekst: Per Hagen, 197

ANDAKT

Ver ikkje urolege---, Sjå på fuglane under himmelen! —Sjå liljene på marka—

Desse orda er henta frå Jesu si bergpreike. Når eg les den teksten, tenker eg på det flotte tre reliefet i bak i Treungen kyrkje. Her har kunstnaren Einar Dale illustrert denne teksten på ein så fin måte. Du ser korleis naturen, med blomar, dyr og fuglar som lever under Guds frie og opne himmel.

Og så seier Jesus til slutt: Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt.

På bokmål er orda Ver ikkje urolege, oversett med Vær ikkje bekymret.

På gresk er ordet «merimnaå», og det har to viktige nyanser. Den eine er positiv, og den andre er negativ. For det kan til dømes omsetjast som uroe, slite, plage, tyngje eller mase på. Det ser vi er veldig negativt. Og det er nok det Jesus meiner når vi skal sleppe å uroe oss for morgondagen, eller for livet. Men den positive omsetjinga kan bruke ord som å bry seg om, ta omsyn til, ta seg av, gjere seg flid, anstreng seg. Det er noko eg trur Jesus vil at vi skal gjera.

Men fortellinga om Marta og Maria kan lære oss kva Jesus meiner. Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. Men Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne.

Jesus sett pris på Martas tenester, med mat og strev. Men det må ikkje føre til at ein blir utbrent, eller byrjar å kritisere, eller mase på andre.

Kva kan vi lære ar fuglane under himmelen og liljene på marka?

Dei kviler i Guds omsorg. Dei lever under Guds himmel. Og dei fylgjer livets gang. Om morgenon blomstrar dei, om kvelden visnar dei og dør.

Vi har ei gruppe med dag liljer i Nissedal, utanfor prestegarden. Dei blomstrar ikkje så mange dagane, men dei er grøne og fine heile sommaren. Og om hausten visnar dei. Men liver i røtene. Difor er det ei von om oppstode og evig liv.

Difor vil Jesus seie oss at det viktigaste er kor du har røtene dine. Og då er det vi minner oss om i kyrkja at vi har røtene våre i Guds rike, med Gud som vår gode Far og Jesus som vår trufast bror, og vi får vere Guds born. Og då er vi sysken på Guds jord.

Som slutning på mine skriblerier i kyrkjelydsbladet vil eg seie:

Gled deg som eit Guds barn, takk Gud for hans omsut for oss kvar einaste dag. Og gled deg at du får leve under ein open himmel.

Då blir desse orda sanna: Ver ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt.

Guds fred
og alt Godt!

Knut Bjørn
Skyttemyr



ME STAKK INNOM

Me stakk innom Ragnar Kortner – ny sokneprest med allsidig bakgrunn

Det er seinsommardag med glitrande sol og drivande skyer over Langfjell då me møter den nye soknepresten vår, Ragnar Kortner. I den siste tida er det ikkje fritt for at han og kona, Åshild, har hatt full sjau med å få flyttelassa på plass i den nye heimen i Prestegarden.

Då me møtest på kyrkjekontoret, tek dagane til å kome inn i meir faste rutinar og med tid til ei lita samtale med Kyrkjelydsbladet over ein kopp kaffi.

Ragnar Kortner fortel at han har arbeidt som lærar i økonomi og samfunnsfag på Drottningborg vidaregåande skule sidan 1998, medrekna tre permisjonsår. Der har han budd saman med kona Åshild og etter kvart med borna Hans Christian (21), Ingrid (18) og Anine (16).



– Eg synest me har hatt det veldig triveleg på Drottningborg, ja, i Grimstad-området i det heile. Så me fekk nok kjenne på at telpluggane sat ganske hardt i bakken då me fekk tankar om å flytte på oss. I tillegg fall det saman med oppbrot og endring på fleire måtar. Det er fyrste hausten at alle ungane våre er ute på skular, og det kjenner me naturleg nok på. Dessutan er det nytt for meg at eg skal få prøve meg i fullt arbeid som prest. Som kjent er stillinga som sokneprest i Nissedal i fyrste omgang eit vikariat på eitt år, så me får sjå utpå nyåret kva det kan bli til vidare, fortel Ragnar.

– Og kvar var det du fekk barneåra og dei fyrste ungdomsåra dine?

– Det var i Birkeland der foreldra mine framleis har hus. Her fekk syster mi og eg oppvekståra våre i eit trygt bygdemiljø med liv og aktivitetar på mange felt. Eg var med både i kyrkja og på bedehuset, i idrettslaget, mellom anna med skiskyting, og i kor og korps. Då fekk eg òg lære og spele piano, noko eg har hatt stor glede av seinare, og noko som eg nok kan få bruke i mangt av det eg er med på. Ja, eg har nå alt sagt ja til å vere vikar ved pianoet ein kveld saman med Nissedalskoret.

– Me har hørt gjete at arbeid og utdanning òg har ført deg langt av stad?

– Ja, det er sant. Eg fekk fyrst eitt år i USA som utvekslingsstudent. Seinare blei det økonomistudium i USA med arbeidsopphald i Arequipa i Peru frå 1996 til 1998. Fleire år seinare tok eg mastergrad i samfunnsutvikling der eg skreiv om ein skule i Arequipa, og där trefte eg forresten òg Knut Bjørn Skyttemyr, seier Ragnar og smiler.

I 2003–2006 hadde Ragnar permisjon frå Drotningborg for å arbeide som assistent på den norske sjømannskyrkja i Houston i Texas. Her blei det allsidige dagar med skipsbesøk, kontakt med nordmenn i byen, vaktmeisterarbeid og planlegging av hyggekveldar og gudstenester.



Ragnar Kortner er tydeleg ein allsidig kar som ser fram til å få gjere seg kjend i heile Nissedal kommune. I ledige stunder har han òg studert teologi og gjort unna deleksamenar. Tankar om at det kan bli arbeid som prest som blir siste del av yrkeslivet hans, har mogna fram litt etter litt. Han ser fram til å treffe både unge og eldre, få dele evangeliet – den gode bodskapen – og gjerne få oss til å kjenne på at me alle er like velkomne til gudstenester, samtaler og samvær.

Samtidig vil nok òg Ragnar og Åshild snart få kjenne på at dei er varmt velkomne i heile Nissedal sokn.

TV

MALI - PROSJEKTET INN I NY FASE

Mali er i ein krevjande situasjon

Mali har hatt to kupp sidan 2020, og er no leia av ei militær overgangsregjering. Mali har i år avslutta sikkerheits-samarbeidet med Frankrike og FN. Den norske ambassaden i Mali vil diverre legge ned drifta i slutten av året, etter 6 års drift. Sikkerheitssituasjonen i Mali er ikkje mykje endra siste år, men det er tydeleg at banda til Russland ser ut til å styrke seg. Det har i det heile vore fleire kupp i nabolanda til Mali, seinast i Niger nyleg.

NorSahel fortsetter arbeidet i Mali

Trass i kupp og ny overgangsregjering har NorSahel framleis tillit frå myndighetene og vi har ikkje fått noko signal på at vi ikkje kan verke i landet. Noko av bakgrunnen er nettverket vi i løpet av åra har bygd opp til myndighetene/institusjonar i landet(helse og skule). Strategien om tett samarbeid med myndigheter ligg fast, uavhengig av politisk leiing. Vi har framleis det same kontoret i Mali og no har vi også nyleg fått eit fast kontaktpunkt inn mot nyfødd helse. Han heiter Aliou Bagayoko, er fødselslege og arbeider i det maliske helsedirektoratet.

Seminar i Dakar

NorSahel organiserte 23-25 august 2023 eit seminar i Dakar, Senegal i samarbeid med AMAPED (den maliske barnelegeforeining). Dei maliske legane ville gjerne samarbeide tettare og bad oss ikkje forlate Mali og vårt engasjement der. Etter seminaret arbeider NorSahel for å etablere eit tettare samarbeid med AMAPED om forsking og aktivitetar innan nyfødd-omsorg i Mali.

Ny ungdomskule får skulesyklar

Skulane i Mali er under press, mange skular nord og aust er stengt gruna borgarkrig og terrorfare. I vårt området Tambaga (vest i Mali) er skulane framleis opne og skoleverket er i drift. Koronapandemien stengte alle skulane i 2 år, så det er litt før og etter Korona. Jenters utdanning fekk ein knekk pga Korona. Vi har sett at våre skulesyklar hjelper jentene på og gjennom den viktige ungdomskulen. I løpet av åra har vi passert 1000 syklar. No i haust er vi klare med nye skule-sykler, samla inn frå m.a. Nissedal kyrkjelyd, til ein heilt ny ungdomskule, Kantila. Ein ny skulesykkel kostar ca. 950 NOK.

Takk til Nissedal kyrkjelyd

Nissedal kyrkjelyd og innbyggjarar i Nissedal har støtta NorSahel i fleire år. No har soknerådet fornya sitt engasjement i 2 nye år og det gir NorSahel både inspirasjon og midlar i arbeidet med å nå målet vårt: Betre levekår for menneske i Mali.



F.v. Rønnaug Solberg(Dr. med. Universitet i Oslo), Aliou Bagayoko(Lege og kontaktpunkt NorSahel Mali), Ingrid K. Frisch (legestudent), Mariam Traore (professor dr:med. Mali), Hølje Haugsjå (NorSahel), Ola D. Saugstad (professor og barnelege), Toumani Sidibe (prof. dr:med. Mali), Asiz Diakité (barnelege Mali)

TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2023

ALDRI ALEINE på bedehuset i Treungen kl.17.30 – 19.30 annan kvar måndag med oppstart 23.oktober. Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringer kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn. Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde. Samlingane er for 6. og 7. kl.

NATTCAFE på bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 23.00 den siste laurdag i månaden i september, oktober og november. Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktivitetar. Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande. Velkommen!

LYS VAKEN: eit opplegg for 6. og 7. klasse der dei blir kjent i Nissedal kyrkje med overnatting 9.-10. desember.



Frå utdeling av
Mi kyrkjebok til
4-åringane
i Nissedal den
1. oktober.

Program Nissedal Yngreslag hausten 2023

- 5.10 Spel – utlodning
- 26.10 Hobby – bollar og saft
- 2.11 Spel – utlodning
- 16.11 Hobby – bollar og saft
- 30.11 Adventsgudsteneste i kyrkja kl.18
Tenning av jolegrana og grautfest på
Bedehuset etterpå.

Yngreskveldane er på Kyrkjebygda bedehus. Torsdagar frå kl. 17.30–19.00.

Vel møtt til alle frå 1.-7.klasse. Vi startar yngreskveldane med song og andakt.

Program Nissedal Sundagsskule

Samling på Kyrkjebygda bedehus kl. 11–12 følgjande sundagar:

Oktober: 8. og 22.

November: 5. og 26.

Desember: 17.

Astrid og Pauline (90188625)

Program Fjone bedehus

Damenes: Kvar fyrste torsdag i månaden.

Fyrste gong i haust var torsdag

7.september kl 19.

Barnearbeidet: Sjå FB-sida.

Basar: NB ny dag og tid: Laurdag
18.november kl 15.

Adventssamling: 2.sundag i advent, 10.
desember kl 15.

BASAR

Hausten er ei tid for samlast innomhus. Det passar ikkje å be naboen på kaffi på verandaen i oktober- november. Me me vil jo gjerne treffast. Og nå har du sjansen til å be med deg naboen på arrangement der de møter mange andre frå bygda i tillegg. Eg tenker på basarane som skal vere i haust. Så langt veit eg om tre stadar der det blir arrangert basar: Treungen bedehus fredag 20.oktober, Kyrkjebygda bedehus fredag 10.november og Fjone bedehus laurdag 18.november. På Fjone prøvar dei seg med laurdagsbasar på tidleg ettermiddag, slik at dei som treng det, kan kome heim att til leggetid for ungane. For alle basarane gjeld det at ein er takksame for å få gevinstar som ein kan lodde ut. Stort eller smått, alt blir teke mot takk.

Ta med deg naboen og kom på basar!
Sjå meir detaljert informasjon for kvart arrangement. annan stad i bladet.

GUDSTENESTELISTE MED OFRING

2. HALVÅR 2023

Oktober

1.	KI 11 Nissedal	4-årsbok og konfirmantpresentasjon	Acta Telemark
15.	KI 11 Treungen	Gullkonfirmantar	Mali
29.	KI 11 Treungen	4-årsbok og konfirmantpresentasjon Kyrkjekaffi	Acta Telemark
	KI 18 Nissedal	Bibliotekbesøk. Kveldsmat.	Acta Telemark

November

5.	KI 18 Treungen	Minnegudsteneste Kyrkjekaffi	Kyrkjelydsarbeidet
19.	KI 11 Nissedal		Mali
	KI 18 Treungen		Mali
30.	KI 18 Nissedal	Jolegrantenning	Kyrkjelydsarbeidet

Desember

3.	KI 17 Felle	Jolegrantenning	Kyrkjelydsarbeidet
10.	KI 11 Nissedal	Lys vaken 6. og 7. kl.	
17.	KI 18 Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
20?	KI 09.30 Treungen	Skulegudsteneste	
24.	KI 13 Felle		Kirkens nødhjelp
24.	KI 14.30 Treungen		Kirkens nødhjelp
	KI 16 Nissedal		Kirkens nødhjelp
25.	KI 11 Treungen		Mali

Treng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

TREUNGEN FRIKYRKJE

2. HALVÅR 2023

Oktober

- 01. 11.00: Familiegudsteneste. Konf.pres
- 02. 17.30: Speidaraktivitet
- 03. 18.00 Kyrkjelydsmøte
- 04. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 04. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 15. 19.00 Husgrupper
- 16. 17.30 Speidaraktivitet
- 17. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 18. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 18. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 21.-22. BGF Kragerø
- 22. 11.00 Gudsteneste. Nattverd.
- 24. 19.00 Kvinneforening
- 25. 18.00 Kveldskafè
- 29. 16.00 Middag i heimane
- 30. 17.30 Speidaraktivitet

November

- 01. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 01. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 04.-05.: Meir festival for tweens. Kr.sand
- 07. 19.00 Kvinneforening «Global veke»
- 12. 17.00 Gudsteneste m/nattverd.
«Global veke»
- 13. 17.30 Speidaraktivitet
- 15. 11.30 Andakt og kaffi på NOS- talgi
- 15. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 19. 19.30 Husgrupper
- 21. 19.00 Kvinneforening
- 22. 18.00 Kveldskafè
- 26. 11.00: Sundagsskule for store og små
- 27. 17.30 Speidarakt. avslutn
- 28. 18.00 Dugnad. Jolemess
- 29. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

Desember

- 01. 18.00 Jolemesse
- 02. 11.00 Jolemesse med fam.samilng
kl.12.00 og misjonsmøte kl.15.00
- 06. 17.30 Friklubben og Lollipop. avsl
- 10. 11.00 Familiegudsteneste. Nissedal
- 12. 18.00 Kyrkjelydsmøte med nattverd
- 13. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 24. 15.00 Jolegudsteneste.
- 29. 17.00 Sundagsskulens jolefest.


**Ynskjer du å starte i ei av
husgruppene våre eller har du
spørsmål så ta kontakt med: Lena
Haugsjå: 90685202**

**Alle er velkomne på andakt og
kaffi på NOS-talgi (kafeen på
omsorgsenteret) onsdagar 11.30
Frikyrkja har ansvar i partalsveker.**

**Vil du bli fast givar? Ta kontakt med
kasserar tlf: 48046377**

Treungen frikyrkje sin gåvekonto

2714.10.06628 Vipps nr.: 27037



TREUNGEN NORMISJON HAUSTEN 2023

BEDEHUSET

Oktobe

- Torsdag 12. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.
Torsdag 19. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Fredag 20. kl.18.00 Basar.
Onsdag 25. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Maria Lura.

November

- Onsdag 01–03 kl.19.00 Bibelkvelder v/Hans Bergane, Sarepta.
Torsdag 09. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Måndag 13. kl.19.00 Sang og radiokveld. Johan & Gunnilla Sigvardsson.
- arr.Radio MG.
Fredag 17. kl.19.00 Temakveld. Magnar Kleiven.
Onsdag 22. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Ulf Børje Rahm.
Torsdag 30. kl.19.00 Møte, Terje Olafsen.

Desember

- Torsdag 07. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
Sundag 10. kl.17.00 Adventsamling i Haugsjåsund.
Torsdag 14. kl.19.00 Bøn og samtale.



HAUGSJÅSUND GRENDEHUS

HAUSTEN 2023

Onsdag 25.10. kl.19.00: Møte med besøk av Maria og Oddbjørn Lura frå Israelsmisjonen.
Kollekt og enkel servering.

Onsdag 22.11. kl.19.00: Møte med tale av Ulf Børje Rahm frå Normisjon
Kollekt og enkel servering.

Sundag 10.12. kl.17.00: Adventsstund for store og små.
Andakt ved Torill Sønderland.
Geir Christian Enger og Marie Kornmo Enger hjelper oss med
å friske opp advents- og jolesongar.
Kollekt og servering.

Vel møtt!

KATOLSK MESSE I TREUNGEN KYRKJE

HAUSTEN 2023

Søndag 8. oktober

Søndag 5. november

Søndag 3. desember

Mandag 25. desember – 1. juledag

Grunnen til at det vert katolske messer i Treungen kyrkje er at St. Franciskus Xaverius menighet i Arendal har kome med ynskje om å leie kyrkja for å halde messe for katolikkar som har bustad i Nissedal kommune eller i nabokommunane. Dette har dei nå gjort i over eit halvt år og det har dei vore veldig takksame for.

Felle frikyrkje

Sundag 19.nov. kl.11.00: Møte med tale av Leif Inge Jensen

Vel møtt!



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 3.

2023



Alle kommunar skal ha eit ungdomsråd. Ungdomsrådet skal vere talerøyret til ungdomane overfor politikarar og beslutningstakarar, og skal ha ei rådgivande rolle for kommunen og fylkeskommunen. Rådet skal representere interessene til ungdommen i kommunen eller fylket og dei har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld ungdom. Ungdomsrådet skal gi råd til kommunen eller fylkeskommunen slik at kommunestyret eller fylkestinget har eit betre grunnlag for sine avgjersle. Dette betyr altså ikkje at kommunestyret eller fylkeskommunen alltid må gjøre slik ungdom vil, men at dei skal vite kva ungdomsrådet meiner før dei tek ei avgjerd.

Ungdomsrådsmedlemma er folkevalte, det vil seie at dei er valde for å representere ungdom i sin kommune eller fylket sitt. Valet blir teke på skule, og så blir medlemmane offisielt vald av kommunestyret. Ungdomsrådet skal representere og uttale seg vegner av alle ungdomar. Ungdomsrådet bør derfor sørge for å ha god kontakt med ulike grupper av ungdom, og skape møteplassar der ungdomsråd kan få innspel frå ungdomane dei representerer.

Vi er stolte av våre ungdommar som stillar til ungdomsråd. På kommunestyret 7. sept blei desse fine ungdommane vald inn i ungdomsrådet for skuleåret 2023-2024:

Gustav Fjalestad Grundt, Annbjørg Berit Haugsrød, Ian Stokstad Nielsen, Linnea Sanden, Frantz Berggren, Amina Kaskous, Anna Jablonska, Omar Mohamad Mtiri.

Varamedlemmar: Hege Marit Skåli Vimme, Isabel Isosa Nesblom og Hans Magne Hagen.

Møta i ungdomsrådet vil i haust vere i kommunestylesalen, og underteikna har gleda av å vere sekretær dette året for dette viktige utvalet.

Møtedatoar hausten 2023:

- 6. september
- 17. oktober
- 21. november

Dersom du har tips til saker som kan vere aktuelle for ungdomsrådet, kontakt eit av dei flotte medlemmane i ungdomsrådet, eller underteikna.

Beste helsing,

Reidun Carol Retterholt

Einingsleiar oppvekst og kultur

Nissedal kommune 350 48 407 | 959 21 972

Samarbeidet mellom biblioteket og kyrkja held fram.

På gudstenesta i Nissedal kyrkje 29.oktober kl. 18 får me besøk av bibliotekaren vår, Sigrid Nesland Vejen. Ho vil også bidra på bedehuset etter gudstenesta. Det blir enkel kveldsmat. Velkommen!



FRÅ KYRKJEKONTORET

Kyrkjeval 2023

Nissedal sokneråd og fellesråd 2023–2027

1. Gunnhild Breivik Rieber-Mohn, Nissedal
2. Mari Stana Borstad, Fjone
3. Gerd Irene Sønderland, Treungen
4. Arvid Hansen, Treungen
5. John Nordbø, Nissedal
6. Astrid Eidem Nordal, Nissedal

Vara

7. John Olav Klodvik, Treungen
8. Olav Borstad, Fjone
9. Ole Kristian Bøe, Treungen
10. Maroli Mandt, Fjone
11. Hilda Helene Neset, Treungen

Valdeltaking

Av 897 som kunne stemme, var det 178 (19,8%) som stemte til soknerådsvalget.

Til bispedømerådet stemte 113. (12,5%)

Agder og Telemark Bispedømeråd 2023–2027

Terje Damman, Åpen folkekirke, Mandal i Lindesnes

Stine Beate Ljostad, Åpen folkekirke, Åmot i Vinje

Geir Jørgen Bekkvold, Åpen folkekirke, Skien

Tore Thomassen, Nominasjonskomiteens liste, Birkenes

Erik Lunde, Nominasjonskomiteens liste, Kristiansand

Håkon Kolstad Varhaug, Bønnelista, Holum

Andreas Holm, Frimodig kirke, Grimstad

Vikar for kyrkjeverje

Kyrkjeverje Bente Meyer er sjukmeld ei tid framover. I hennar stad har tidlegare kyrkjeverje Jon Inge Nordbø gått inn i eit vikariat frå og med 25.09.2023. Jon Inge sin tlf er 90161671. Vil de sende mail, kan den sendast til kyrkjekontoret@nissedal.kommune.no

Kyrkjelydsbladet i postkassa i Nissedal kommune. Presisering.

I sommarnummeret av bladet, var det informasjon om utlevering/tilgang på bladet. I ettertid har det blitt ein usikkerhet om ein får bladet i postkassa som før. Difor dette forsøk på oppklaring:

Alle som bur i Nissedal får tilkøyrd bladet av frivillige, lagt i postkassa. Til dei som bur utanfor kommunen og har fått bladet tilsendt i posten, ynskjer vi ei avklaring: Vil de ha den som før, eller er det godt nok for dykk å gå inn på heimesida til Nissedal kommune og lese bladet der?

BLI KJENT MED SALMEBOKA

Ei salme som har blitt mykje bruka i gravferder og som har røter i distriktet er
«*Han tek ikkje glansen av livet*»

*Han tek ikkje glansen av livet,
den Frelsar som kallar på deg.
Fyrst då kan for alvor du leva
når han får deg fylgja på veg.*

*Du høyrer deg dårande røyster,
som lovar deg gullglim og glans,
men ingen legg lys over vegen
som Jesus og kjærleiken hans.*

*Han hjelper i brattaste bakkar
og stør deg når vegen vert smal.
Han signar deg sollyse sletter
og lyser dødsskuggens dal.*

*Han fører deg frelst over fjorden,
heilt fram til den himmelske strand.
Når døden sin brotsjø du møter,
vil Jesus dra båten i land.*

*Han tek ikkje glansen av livet,
han gyller din morgen og kveld
og opnar ei dør til dei salar
der æveleg høgtid du held.*

T: Trygve Bjerkreim, 1950

M: Koral hjå Anders Arrebo, 1627 – omforma i svensk folkesang

Sangen har ei sterk og rørande historie. Bjerkreim har sjølv fortalt korleis sangen blei til. I 1950 besøkte han Signe Edland, ein ung lærar, som hadde blitt ramma av kreft, i Vinje i Telemark. Bjerkreim var til stades ved dødsleie hennar. Mor hennar hadde fleire gonger sagt «Signe, Jesus dreg båten i land». Signe hadde eit smerteleg sjukeleie, men heldt fast ved trua på Jesus heilt til det siste. Etterkvart kom det Bjerkreim for øyret at Signe hadde sagt til ei ung kvinne kvelden ho døydde: «Du skulle bli ein kristen for Jesus tek ikkje glansen av livet». Desse orda festa seg på minnet til Bjerkreim, og dagen etter medan han satt i ein solbakke i Kviteseid og venta på bussen til Nissedal forma orda seg til poesi og blei til den teksten som me kjenner i salmen i dag. Teksten har aldri blitt revidert eller endra.

Sangen er eit vitnesbyrd om kva trua på Jesus betyr, både i livet og når døden nærmar seg. Gjennom fem vers høyrer me på ulike måtar om korleis Jesus vil gå med oss. Siste verset gjentek åpningslinja og «morgen og kveld» begrepet viser at glansen skal vare livet ut.

Sangen kom på trykk i Utsyn i 1950 under tittelene «Signe Edland sitt siste vitnemål». Fem år seinare stod den i Sangboken under kapitelet «ungdomssanger» og i Norsk Salmebok under «Kristus vår frelsar».

Sangen har stor internasjonal utbreiing, og har blitt omsett til fleire språk, mellom anna dansk, finsk, tysk, engelsk og japansk.

Melodien som står i koralboka er ein koral frå 1600-tallet omforma i svensk folkesang. Den melodien som blir bruka mest, er den som står i i Rop det ut.

Trygve Bjerkreim blei født i Bjerkreim i Rogaland i 1904. Av yrke var han teolog, redaktør, forkynnar, lærar og diktar. Han er eit navn som ruver i norsk sangheim. Han er representert i både norsk salmebok, songboka og Rop det ut for å nevne noko. «Han tek ikkje glansen av livet» og «Det er makt i de foldede hender» er to av hans mest kjente og kjære songar. Bjerkreim sin poetiske måte å ordlegge seg gjer at tekstane hans vil leve vidare i mange år framover.

Salmen står i norsk salmebok på 355.



Maria Skjæveland, kantor

NISSEDAL SOKN VEST-TELEMARK

Opningstider

tys/tors 9-13. Ellers
treffetid etter avtale.
Kontoret kan vere
ubemannna pga
oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Ragnar Kortner,
sokneprest
Tlf.: 35 04 84 49
Mobil: 97 54 56 26
E-post: ragnar.kortner@
nissedal.kommune.no

Bente Meyer, kyrkjeverje
Tlf.: 35 04 84 43
Mobil: 99 54 45 43
E-post: bente.meyer@
nissedal.kommune.no

Maria Skjæveland, kantor
Mobil.: 94 06 02 69

Leiar i soknerådet:
Anita Haugstad Haugsjå

Nestleiar i soknerådet:
Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:
Anne Marie H. Larsson

Prostdiakon Eilev
Erikstein
Tlf.: 35 07 71 88
Mobil.: 91 11 35 80

KIRKEN SOS
LF: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Vigsel:

- 17.6. Jan Åge Nordbø og Katrine Tollisen
- 12.8. Marit Nordbø og Ørjan Karlsen



Treungen kyrkje

Dåp:

- 14.7. Charlotte Houthuizen
Foreldre: Jeroen Houthuizen og
Katrin Mei Houthuizen

Gravferd:

- 21.6. Agnes Kristine Lavrantsen f: 1941. d: 11.06.2023
- 04.7. Helga Tveit f: 1938. d: 19.6.2023
- 05.7. Kristine L.Tveit f: 1942. d: 22.6.2023
- 27.7. Laila Synnøve Setane f: 1945. d: 23.7.2023

Felle kapell

Dåp:

- 24.6. Luca Skåli. Foreldre: Stian Skåli og
Marcelina Nicole Stevic
- 27.8. Håvard Meberg Felle. Foreldre: Tommy Felle
og Victoria Meberg Olsen

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42,
Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.
tlf: 99 42 33 59


EKSPEDISJON : Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld. Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk. Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien
Stoffrist neste blad er 10.11. og det kjem ut i veke 48.

EI TALE FOR DEN SOM SER

Mange ord i det norske språket ender på ...skap: Vennskap, ekteskap, fellesskap, fangenskap, fiendskap, uvenskap, selskap... Ja, lista kan bli lang.



Kva tenkjer du på når du ser dette biletet?

Eg tenkjer på fangenskap. Fanga kan ein vere, som her, bak lås og slå og gitter. Mange menneske i verda er fanga på den måten; nokon med rette, andre utan rimeleg grunn. Men fangenskap kan også vere mindre konkret, men likevel like tyngjande og hemmande. Ein kan vere fanga av andre sine krav og forventningar eller av eigne krav til seg sjølv.

Den som er fange, er ikkje fri. I nokre tilfelle kan ein jobbe seg ut av situasjonen, medan ein i andre typar fangenskap er utan håp om å bli fri ved eiga hjelp.

Tankane mine spinn vidare: I det same området som eg tok dette biletet, knipsa eg eit bilete av ein gul blom som voks under

livgjevande dropar frå ei takrenne. Der kunne han vekse og få næring, men... han var så aleine, heilt utan fellesskap. Ikkje at blomar har tankar om einsemd eller fellesskap, men folk har det. Me er skapte til fellesskap, til å hjelpe og ta imot hjelp, til å dele og bere saman i sorg og i glede. I Bibelen får me presentert biletet av vintreet og greinene, der me menneske er greiner på det same treet. Me kan også lese om kroppen og lemane: viss ein lem lid, har heile kroppen det vondt. Eit fellesskap kan også bli eit fangenskap. Det er dessverre slit at alt som er godt kan bli misbrukt til å gjere vondt.

Men einsemd kan då visst bli fangenskap. Me har eit «...skap-ord» for det også: Utanforskap.

Me har lagt bak oss ein sommar der mange har gledd seg over solvarme og lyse kveldar. Hausten er her med meir innetid for alle. Det er mange ulike lag og foreiningar rundt omkring, med aktivitetar for liten og stor, som nå startar opp att.

Kan me søkje opp fellesskap som alt er her eller lage nye- og invitere inn til fellesskap denne hausten og vinteren?

I Forkynnaren i Bibelen kan me lese: Om ein blir overvunnen, kan to halda stand. Ein tretvinna tråd slitnar ikkje så fort. Forkynnaren 4.12.

Me treng kvarandre. Det er ikkje eit nederlag å innrømme det. Det er ei naturlov.

Årets konfirmantar



Bakre rekke: Frida Svarstad-Rygh, Marius Andre Hagen Sunfør, Hans Magne Skårdal Hagen, Vegard Setane-Dåbu, Franz Berggren, Magnus Holskar, Ole Gunnar Hogsrød Pedersen.

I midten: Vår Setane Sundsli, Kari Helene Tveit, Vilja Synnøve Askland, Elise Marie Kaarstein

Fremst: Magni Aarak Underdal, Vilde Winther Pettersbakken, Anne Solveig Nordbø